

GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 1

Februar 2018

69. årgang

INNHALD

Min salme2

Amadeus.....8

Andakt3

Blir til Gol og Herad9

Nytt orgel i Lykkja Kapell3

Kunngjeringar.....10

Orgelkonsert 4-5

Gudstjenester11

Glimt frå Trusopplæringa.....6

Hva som skjer hos oss i KULH...12

MIN SALME

SIGRID JORDE HOFTUN



Sigrid er pensjonist, men det inneber langtfrå å vere arbeidsledig. Ho er aktiv både på bedehuset, helselagsstugu og frivilligsentralen.

- Eg har mange oppdrag og oppgåver som frivillig. Det trivst eg veldig godt med, og eg møter så mange fine menneske, forsikrar ho.

Om salmen ho har valt, "Jeg er i Herrens hender", seier ho:

- Salmen fortel om alle kvardagane mine og om heile livet! Den peikar på så mykje å glede seg over og takke for!

Neste gong det er Herad sin tur i Min Salme, vil Sigrid utfordre Bjørg Hoftun.

Jeg er i Herrens hender

T Erling Tobiassen, 1932

M Sigurd Lunde, 1947

Jeg er i Herrens hender når dagen
gyr i øst.

Hver morgen han meg sender sitt ord
med lys og trøst.

Hva dagen meg vil bringe av glede
og av savn,
jeg kan på bønnens vinge få kraft
i Jesu navn.

TEKST OG FOTO: KJELL SLÅTTEN

Jeg er i Herrens hender i alt som
med meg skjer.

I smil og gråt jeg kjenner at
Herren er meg nær.

Om jeg i dype daler må gå den
tunge vei,
fra himlens høye saler hans øye
følger meg.

Jeg er i Herrens hender når dagen
dør i vest.

Min synd jeg stilt bekjenner for
ham, min høye gjest.

Han gir meg himlens nåde og setter
englevakt,
for natten han vil råde med
hellig guddommakt.

Jeg er i Herrens hender når
dødens bud meg når.

Mens lyset stilt nedbrenner, fra
ham jeg hilsen får.

Han gir meg stav i hånne, han
gir meg trøst i sinn,
og glemt er ve og vånne på
vei til himlen inn.

GOL OG HEMSEDAL KIRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året

Utgjevar: Sokneråda i Gol og Hemsedal prestegjeld

Redaksjon: Kjell Slåtten, Kjetil Th Storebråten, Sølvi Larsen Aalrust (red.),
Gunnar Rudningen, Kristine Viko, Anders Solbakken,
Ludvig Munkejord.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol

Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097

E-post: oaalrust@online.no

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

GOL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00

Gol kommunehus 3. etg. Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Anne Gerd Jorde

Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
Fridag torsdagar.

Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen

Dir.tlf. 32 02 91 37 • Mobil: 952 75 312
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no
Måndag: Fridag.

Diakon: Martha Frøyland

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist: Justin Vickery

Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær: Thorunn Haugo

Tlf. 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndagar, tysdagar,
onsdagar og torsdagar.

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf.: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf.: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafsås Tlf. 951 22 136
(Delvis permisjon - arbeider 50%)

Vikar Gol: Gerd Eli Berge Tlf 415 08 155
gerd.eli.berge@gol.kommune.no

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00
fredag 9.00–12.00

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Kjetil Th. Storebråten

Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00
Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Camilla Osnes

Mobil: 977 15 677 Måndag: Fridag.
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Organist: Kjersti Hagen

Tlf: 902 45 535
kjers10@yahoo.com

Kantor:

Peter Rødel
Tlf: 950 49 045
kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:

Wilfried Westera
Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:

Hans Vidar Sørensen
Tlf: 911 76 827

Sokneråda:

Herad: **Leiar Gunn Astrid Frøysok**
Tlf. 990 34 376

Gol: **Leiar Trygve Lono Smedsgård**
Tlf.: 900 63 161

Hemsedal: **Leiar Unni Bjørke**
Tlf: 906 54 701

Fellesråda:

Gol: **Leiar Ola Grønseth**
Tlf. 920 97 939

Hemsedal: **Leiar Unni Bjørke**
Tlf. 906 54 701

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:

Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795



En av mine favorittlærere pleide å si: «Hvis vi gjør en delsannhet til helsannhet blir resultatet usannhet».

Vi menneske er spesielle for vi hugsar og samanliknar hendingar før og no og så trekkjer vi konklusjonar. Veldig mykje av vår tenking går ut på at historia går i ein sirkel. Vi les om hyggelege og fine bilete på livshjulet som siv rundt og rundt. I både gamle og nye religionar er dette ei heilt gjengs oppfatning, både i aust og vest. Og vi er prega av det. Det låser vår oppfatning av oss sjølve og andre. Ikkje minst av andre er det lett å ta til orde for: «det er typisk deg», med ein irritert og hoven undertone. Og nederlaget er til og ta og føle på.

Kristendomen er annleis. Den vil ikkje at dette livssynet skal råde.

For historia gjentek seg ikkje. Den er ny kvar dag. Ting kan likne, men det er ikkje det same som skjer. Det er nye ting som hender, nye menneske og nye situasjonar. I Jesaja 43 står det:

Sjå eg skaper noko nytt. No gror det fram. Merkar de det ikkje? Ja eg legg veg i øydemarka og stigar i den aude hei.

Mennesket har til alle tider gått på bommert etter bommert. Men Gud ber oss ta tak i ting som er gått gale og gjere opp. Det er nødvendig for at ei nyskaping skal kunne skje. Jesus tala sant om livet og han satsa på at kjærleiken var det som skulle til for

å redde denne verda. I fyrste omgang så kan det sjå ut som at historia gjentok seg: Jesus, ein idealist vert korsfesta. Tru og tillit tapar på nytt, typisk.

Vi er i ei tid der sanning og tru på tillit blir sett på prøve ved at statsleiarar raslar med krigsord. Er det òg historia som gjentek seg? Taper sanning og kjærleik på nytt? Trua på Jesus er ei motkraft. Den er eit viljesval på at vi trur ikkje på historias gjentakning. Vi trur på ei oppstode og noko nytt. Det handlar om livet og kvardagen vår. Det handlar om å tru på fred og forsoning og tilgjeving, der vi får starte på nytt kvar einaste dag. La det vere typisk.

Nytt orgel i Lykkja kapell

TEKST OG FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Nes Fjellkirke på Myking har fått pipeorgel. Då dette stod ferdig trong dei ikkje lenger det elektroniske orgelet som har stått i kyrkja fram til no. Kantor i Hemsedal Peter Rødel visste at kyrkjevevja i Nes, Audun Aasheim, gjerne ville bli kvitt orgelet. Så då kyrkjevevja i Hemsedal ringde og spurde om å få overta orgelet var svaret med ein gong ja. Og prisen var det ingenting å si på: Viss me henta det skulle me få det!

Så i byrjinga av september drog Ole Embrikgård til Nes og henta orgelet. Å få orgelet ut av Nes Fjellkirke gikk greitt. Men det var verre å få det ganske tunge orgelet inn i Lykkja Kapell.



Det nye kyrkjerorgelet i Lykkja er elektronisk, men har behageleg tone og fin klang.

Men Ole kjenner dei fleste i Lykkja, og fekk tak i Olav Wollebæk Veslestølen. Han kom med traktor og lasteapparat. Dermed fekk me lyfta orgelet inn i kapellet. Og orgelet vart tatt i bruk i oktober då det var vigsel i kapellet. Og sjølvaste Bertine Zetlitz song med tonefølgje frå Peter Rødel frå det nye orgelet.

Det gamle pipeorgelet vil inntil vidare bli ståande. Dessverre er det brekkasje i pipene, og hol i belgen på dette. Så difor er det flott at me nå kan bruke det elektroniske orgelet til det gamle eventuelt blir reparert.

Ole Embrikgård henta orgelet i Fjellkirken på Myking i Nes, og fekk frakta det til Lykkja kapell.



Orgelkonsert

Nokre av dei glade musikantane som bidrog på orgelkonserten:
f.v. Organist Kjellaug Solbakken, Kantor Peter Rødel, Organist
Kjersti Hagen, Fagottist Embrik Snerte, Fløytist Tori Snerte,
Luttspelar Mikael S. Christensen. I tillegg bidrog Organist
Ingebjørg Solhjell og Fiolinist Larisa Vassilieva.

Hemsedal kyrkje inviterte til orgelkonsert fredag kveld 19. januar. Nilsenorgelet trenger restaurering, og dette var første innsamling på vei mot et friskt orgel.

Orgelkveld

Hemsedal kyrkje bød på lun stemning med levende lys og dempet belysning. Ikke mindre enn fire organister var samlet, og sammen med solister ga de oss en minneverdig kveld. Jippi tenkte jeg, en hel kveld med orgel. Helt fra jeg var lita jente og satt i Hedenstad kirke synes jeg orgelet er noe av det fineste jeg vet. Den mektige lyden fyller hele deg.



Embrik Snerte - Fagott



Peter Rødel med Kjetil Th. Storebråten i bakgrunnen bak filmkamera

På orgelkrakken

Kjetil Storebråten hadde rigget opp filmkamera og overføring til storskjerm. Det var lurt. Veldig moro å se hva som egentlig skjedde der oppe på orgelkrakken. Vanligvis er jo orgeltonene noe som bare strømmer over oss ut fra intet på en måte. Denne gangen fikk vi med egne øyne se klaviaturet, fingre som løp lett fram og tilbake, spaker som ble skøvet inn eller ut og føtter som danset over basspedalene.

Fagotten

Etter åpningsord av Stian Møllerplass var førstemann ut kantor Peter Rødel med Sortie av C. Frank. Bare orgelet helt alene, vakkert. Så kom en liten perle, med solistene og søskenparet Tori og Embrik Snerte på fløyte og fagott. Jeg kan godt huske vi pugget treblåsinstrumenter ut fra papplakater som læreren hengt opp ved tavla. Men fagotten med det



Kjersti Hagen

lange trerøret, metallbøyle og et bittelite munnstykke, det skjønte jeg ikke noe av. Ingen av mine venninner heller. Men her og nå som soloinstrument, for en lyd! Kirsten og jeg spisset ørene og så på hverandre – nydelig!



Embrig Snerte - Fagott



Kantor Peter Rødel opna konserten med å fortelje om kyrkjeorgelet.

Perler på en snor

Deretter kom de på rekke og rad; Kjersti Hagen med Concerning Hobbits, Kjellaug Solbakken med Air, Ingebjørg Solhjell med Ave Maria og Larissa Vassilieva på fiolin og Mikael Søndergaard Christensen på lutt. Den lune fine lyden av lutt er vakker, jeg ventet nesten å se damer og herrer fra middelalderen komme vandrende inn i kirken.



Kjellaug Solbakken



Kantor Peter Rødel i vakkert samspel med Embrik Snerte og Tori Snerte.



Mikael S. Christensen spilte Praeludium og Allamande på lutt.



Ingebjørg Solhjell, Peter Rødel, Kjellaug Solbakken, Larissa Govatsmark

Støtte til nytt orgel

Hvis du vil være med og støtte innsamlingen så er det flere måter å gjøre det på. Kontonummer: 2320.17.26824, vipps 105608.

Du kan også bli sponsor med fast gave til orgelet – ta kontakt med Kjellaug Solbakken på mobil 913 82 095 / epost: kjellaug.solbakken@gmail.com

Glimt frå Trusoppplæringa i Gol

TEKST: GERD ELI BERGE

FOTO KA-DAGEN: LUDVIG MUNKEJORD

FOTO HELMAX: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

FOTO LYS VAKEN: LUDVIG MUNKEJORD

KA- dagen 2017

Fredag 17. nov på skulen sin planleggingsdag var 1. og 2. trinn invitert til aktivitetar i kyrkja og på Bedehuset, og det var full fart inne og ute frå me starta i kyrkja kl 08.30 til me avslutta på Bedehuset kl 16.00. 15 born var med - i tillegg til fleire unge og litt eldre medhjelparar.



Aktivitet i barnekroken



HELMAX

Nesten 70 ungdomar frå Flå, Nes, Gol, Hemsedal og Ål hadde ein super helaften på Gol Bedehus laurdag 28. oktober. Med leikar og konkurransar, song og musikk, andakt, prat og mykje god mat – taco, kake og is!



Lys Vaken

Siste helga i kyrkjeåret var ti 10-åringar samla til eit spennande og livleg døgn med aktivitetar ute og inne i Gol kyrkje. Men her var det og rom for refleksjon og søvn. Lys vaken for Gud og hans skaparverk, for kvarandre og oss sjølve, og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss alltid. Og veldig moro var det å få besøk av journalist som laga reportasje til Hallingdølen. Helga vart avslutta med gudsteneste der ti-åringane medverka med song og tekstframføring.



Trusopplæring i Gol våren 2018

Her er ei oversikt over trusopplæringstiltak våren 2018. Det blir sendt ut nærmare invitasjon, men merk dykk aktivitetane allereie no!



Aldersgruppe	Tid	Aktivitet
6-åringar	Sønd. 18. mars kl. 11.00	Dåpsskule – alle 6-åringar er velkomne! Gudsteneste i Gol kyrkje med utdeling av bok og diplom. I forkant blir det to kveldssamlingar, ei i Gol og ei i Herad kyrkje. Den gode hyrde og gardsbesøk i sauefjøsset.
1.klasse	Ein ettermiddag sist i april/ først i mai	
3. klasse	Laurd. 26. – sønd. 27. mai	Tårnagenthelg i Herad kyrkje. Oppdrag i kyrkja laurdag ettermiddag og søndag formiddag med gudsteneste kl 11.00
7.klasse	Ein ettermiddag/kveld i juni	Trusopplæring i naturen med tur.



I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysong** på Frelsesarmeen og Gullrekka for 4 – 13 år på Bedehuset - sjå egne annonsar i Kyrkjeblad nr 6/17.



Gol maxi-mini, kor for born 4 – 11 år, og **Amadeus**, ope hus for ungdom frå 8.trinn og oppover, på Bedehuset – sjå annonsar i dette nr.

Kontaktperson trusopplæring: Gerd Eli Berge - 415 08 155.

Velkomen!

FASTEAKSJONEN 2018 18.- 20. MARS

Det blir fasteaksjon i Hemsedal 18.-20. mars, Gol og Herad tirsdag 20. mars kl.17.

Konfirmanter og foreldre kjører rundt med innsamlingsbøsser. Pengene går til Kirkens Nødhjelps arbeid med vann og sanitær i utsatte områder omkring i verden.

Vipps, SMS
(GAVE) 2426
(200 kr)

JA, VI ELSKER
DETTE VATNET



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Jentene er klare for film!
f.v. Silja Bjørnebråten, Sunniva Solhjell,
Ingvild Orset Svello og Martha Frøyland

Amadeus - åpen kveld for ungdom

TEKST OG FOTO: KRISTINE VIKO

Omtrent annenhver lørdag er ungdomsklubben Amadeus på bedehuset åpen. Det er et alkoholfritt tilbud for ungdom fra 8. klasse og oppover. Den starter fra kl. 19.30 og varer til ca. 22.00. Man kan komme og gå når man ønsker, og alle er velkomne samme hva slags bakgrunn de har. Hver kveld inneholder en andakt. Denne kvelden holdt Martha Frøyland andakten. Den var kort men fin, og handlet om personlig tro og godhet. Gud er god og hvordan man kan bruke det til å forsvare troen sin når man møter på ondskap og elendighet. Og hvor viktig det er å møte andre mennesker med godhet. Etter andakten delte noen av de andre ungdommene sine erfaringer og historier, og det ble til en hyggelig samtale rundt temaet.

Hver kveld har et opplegg, men man kan alltid velge å ikke være med. Det er en liten gruppe av ungdommene som er med på å bestemme hva som skal skje og foreslå nye aktiviteter. Neste kveld blir det aking, og det blir en del nye aktiviteter fremover, som en hyttetur.



Vi fikk servert kjempe-gode pizzaboller

Guttene prater og har det gøy sammen.
f.h. Kristian Moholt Langehaugen, Kacper Pawicki,
Oliver Aronsen, Jonas Bjerkerud, Andreas Østro,
Gustavo Josvanger og Markus Viko.



Det pleier blant annet å være en del leker og konkurranser. De har også hatt vannkrig og laget origamifigurer som er hengt opp i kjelleren. Favorittene blant jentene er når de var i gymsalen og guttenes favoritt er å spille FIFA. Men alle er enige om at det beste med kveldene er å kunne møtes og ha det gøy sammen.

Hver kveld blir det også servert mat. På menyen denne kvelden var det pizzaboller. Aktiviteten var film, og filmen som ble vist var Gran Torino. Det var bare jentene som ville se på film, så de satt nede i kjelleren mens guttene var oppe. Selv om det var litt problem med lyden så klarte til slutt Synne Bjørnebråten å fikse lyden. Selv da lyden ikke virket, var humøret til jentene godt. Det var trivelig stemning hele kvelden, når jentene fniste

og tullet med hverandre. Det var ikke bare god stemning blant jentene, men oppe hos guttene også.



Slutt for Gol, slutt for Herad: Blir til Gol og Herad

Alt tyder på at sokna i Gol og Herad er inne i sine to siste leveår.
Frå hausten 2019 går dei truleg saman til Gol og Herad sokn.

TEKST: KJELL SLÅTTEN

Sidan i fjor vår har det pågått eit arbeid med dette som mål. Før jul sa sokneråda både i Gol og Herad ja til ein vidare framdriftsplan som tek sikte på å søkje bispedømmerådet om ei samanslåing til eitt sokn.

I løpet av våren i år vil det bli halde soknemøte i kyrkjene i Gol og Herad, der det blir orientert nærare om saka, og der kyrkjelydane får høve til å uttale seg. Det vil også vere ei orientering under årsfesten for Gol og Herad 11. mars.

Strategisamling

I april i fjor vart det halde ei strategisamling med dei to sokneråda, fellesrådet og staben, der tema var korleis det kyrkjelege arbeidet i Gol skal drivast i tida framover. Av mange forslag som kom opp, vart det plukka ut fem til å arbeidast vidare med. Eitt av dei var å slå saman dei to sokna i kommunen.

Det vart sett ned ein komité med dei to soknerådsleiarane, sekretær og kyrkjeverje for å starte arbeidet med saka. Som eit ledd i dette arbeidet, vart det i oktober halde ei ny fellessamling, der kyrkjeverjene i Ål og Modum var invitert. Dei fortalde om korleis rådsarbeidet var organisert i deira kommunar. Ål har ei prøveordning med eitt sokneråd, men med val i tre ulike sokn. Modum har i mange år hatt berre eitt sokn og eitt sokneråd, men har eigne kyrkjeutval ved kvar kyrkje. Desse utvala tek seg av oppgåver som kyrkjevertar, kyrkjekaffi, dugnader, innspel til vedlikehaldsplan osv.

Permanent fusjon

Etter at komitéen la fram resultatet av arbeidet sitt, har begge sokneråda stilt seg positive til å gå vidare med planane. Både i Gol og Herad meiner soknerådet at ei samanslåing må vere permanent, og inga prøveordning. Dei er også samde om at det må opprettast eit kyrkjeutval ved kvar kyrkje. Kvar av kyrkjene skal også ha sin eigen gåvekonto.

Det nye soknerådet får namnet Gol og Herad sokneråd. Det blir foreslått å ha åtte medlemmer, pluss sokneprest. Ei rettesnor skal vere at minst 1/3 av medlemmene kjem frå kvar av dei to kyrkjekretsane.

Før det fyrste valet av nytt sokneråd, vil dei gamle sokneråda oppnemne nominasjonskomité. Seinare vil kyrkjeutvala bli oppmoda om å foreslå kandidatar til nominasjonskomité, som soknerådet så oppnemner.

Kyrkjeutvalet ved kvar av kyrkjene skal oppnemnast av soknerådet. Minst éin eller to av medlemmene i kvart av kyrkjeutvala bør vere frå soknerådet.

Meir ut av ressursane

Kyrkjeverje Anne Gerd Jorde har stor tru på nyordninga:

- Målet er å kunne nytte særleg dei menneskelege ressursane på ein endå betre måte enn i dag, seier ho. Og utdjupar det på denne måten:

- Ei samanslåing av Gol og Herad sokn vil føre til færre møte, særleg for soknepresten. Det vil også lette arbeidet på mange plan, både med statistikkføring, ulike innrapporteringar, møteprotokollar, éin driftsrekneskap i staden for to m.m. Dei menneskelege ressursane som blir frigjort, vil kunne nyttast betre til ulike aktivitetar.

Ho peiker på at det alt er i gang samarbeid ved at alle 4-åringar i kommunen får utdelt bok i Herad kyrkje, medan alle 6-åringar får utdelt boka si i Gol kyrkje. På same måte er fleire trusopplæringstiltak samla for begge sokna og fordelt ut til dei to kyrkjene. Det er eit siktemål at sokna skal sjåast meir samla, og at folk kan gå på gudstenester og andre arrangement på tvers av dei gamle sokna.

- Ser de ingen ulemper ved ei samanslåing?

- Ein mogleg negativ effekt kan vere redusert demokrati ved at det blir færre folkevalde rådsmedlemmer totalt sett. Men alt i alt meiner me dei positive verknadene langt overgår dei negative, seier Anne Gerd Jorde.

Etter den førebelse planen skal det haldast soknemøte i Gol kyrkje 18. mars og i Herad kyrkje 27.mai. Ein eventuell søknad om samanslåing vil deretter bli sendt bispedømmerådet.

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 2/2018 kjem ut rundt 21. mars
Stoff sender ein til: oaalrust@online.no
innan 7. mars



Vinternatt
Konsert med Koret Kråkesølv

Gjestemusikere: Rebecca Lofft - fiolin
Justin Vickery - orgel og piano
Terje Jordheim - solist

Herad kyrkje
Søn 11. februar
kl. 19.00

Torpo kyrkje
Man 12. februar
kl. 19.00

Nes kyrkje
Tir 13. februar
kl. 19.00

Vinternatt er ein serie med kyrjekonsertar i Hallingdal. Det er damekoret Kråkesølv som skal ut på turnè i begynnelsen av februar med vakre og klangfulle musikkstykkje.

Saman med organist og pianist Justin Vickery, fiolinist og bratsjist Rebecca Lofft og songar Terje Jordheim skal koret gi publikum eit avbrekk frå ein lang og mørk vinter i Hallingdal. Våre gjestemusikarar vil framføre musikkstykkje utan kor, og koret vil også framføre musikk a capella.

Billett kr. 220,- / Hallingbillett eller "i døra".

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Hemsedal kyrkje:

07.01.18 William Jorde Svennevik

Gol kyrkje:

14.01.18 Tiril Heiene Espeseth

14.01.18 Ingrid Berget Kjeldsen

14.01.18 Edvard Røstberg Andersson

14.01.18 Viljar Langehaugen

Herad kyrkje:

07.01.18 Kevin Sato Egeli

VIGDE

Gol Kyrkje

06.01.18 Linn Camilla Karlsen og
John Kenneth Stubbsve

DØDE

Hemsedal kyrkje:

12.12.17 Tom Erland Morud f.1955

17.12.17 Ivar Halbjørhus Wøllø f.1929

30.12.17 Kari Haug f.1928

08.01.18 Egil Støre f.1959

Gol kyrkje:

04.12.17 Per Reidar Berget f.1938

07.12.17 Laila Betty Viko f.1940

24.12.17 Marit Domaas f.1945

26.12.17 Arnfinn Listølen f.1947

04.01.18 Svein Erik Hodnungseth f.1947

Herad kyrkje:

13.12.17 Ragnhild Bjørge f.1928

ÅPENT HUS

formiddagstreff på Gol Bedehus

Følgende torsdager

kl. 11.00 - 13.30

22. februar, 22. mars,

26. april, 31. mai

Arr: Diakoniutvalget

Søndagsskolen

Søndagsskolen i Hemsedal har disse samlingene i vårsemesteret 2018:

14. jan, 28. jan, 18. feb,

04. mar - Skirenn på Gravset

18. mar, 08. apr, 22. apr,

13. mai - Frokost for hele familien

Alle samlinger er på Kyrkjestugu kl. 10.00

Vi gleder oss til å se deg på søndagsskolen.

Hilsen Sebjørg, Hallgeir, Marry, Marte, Aud, Ingrid, Gunhild og Oddbjørn

TORSDAGSTREFF

flerkulturelle treff for
kvinner på Helselagsstugu

Følgende torsdager

kl.18.00 - 20.30

15. februar, 15. mars,

19. april, 24. mai

Arr: Gol Røde Kors, Helselaget og
Diakoniutvalget

Søndagsskole-

skirennnet i Hemsedal

4. mars på Gravset

Påmelding fra kl. 1230.

Barn og voksne kan velge løyper og om de vil gå på tid eller ikke, - i klassisk stil.

Det blir premier, boller og drikke til alle som deltar, og det koster ikke noe å være med.

Dette er uhyttelig moro for barn og voksne i alle aldre.

Etter rennet er det middag på "Søndag for alle på Kyrkjestugu fra kl. 1600.

VELKOMMEN!

ÅPEN KIRKE

Velkommen til Herad kirke tirsdager mellom kl.18-19 for stillhet, meditasjon, bønn og lystenning.

Arr: Diakoniutvalget

Kjære kyrkjebladlesar!

Vi takkar hjarteleg for bladpengar og gåver som vart sendt i 2017. Dette gjer at vi i redaksjonen kan lage eit fint og mangfaldig blad med fargar. Det hadde ikkje vore mogeleg utan dykkar bidrag.

Venleg helsing frå oss i redaksjonen.

Velkommen til Ope Hus i Hemsedal

Tysdager:

6. mars - Da forteller OLAV STØYTEN fra reisen til GUATEMALA høsten 2017.

3. april - Da kommer ASLE STØLSDOKKEN og synger og forteller, og vi synger også.

1. mai - OBS! Ikke møte

5. juni - Semesteravslutning med vårtur til "ULSÅKSTØLEN FJELLSTUE".

Samlingene er på KYRKJESTUGU kl. 1100.

Hilsen "Ope hus"-komitèen

LAURDAGAR

KL. 19.30 - 22.00

Ope hus for ungdom

Stad: Gol bedehus

Leik, spel, ulike aktivitetar og mykje moro i lag! Det blir ei lita andakt. Sal av mat og drikke. Rusfritt

★ Alle frå 8. klasse og oppover er velkomne!!

Amadeus

Ope hus for ungdom annakvar laurdagskveld på Gol bedehus
KL 19.30—22.00

13. jan

27. jan

10. febr

24. febr, tur til Hemsedal KULH

10. mars

7. og 21. april

5. og 26. mai



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKE

Facebook: Amadeus - ope hus

VELKOMEN TIL KYRKJE!

4. februar – Kristi forklæringsdag

GOL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Nattverd. Jensen.

Takkoffer: Anne Berit Lagmannsgård

HEMSEDAL KYRKJESTOGU KL. 16.00

«Søndag for alle»

11. februar – Fastelavnssøndag

HEMSEDAL KYRKJE KL.17.00

Gudsteneste. Tårnagentane deltek.

Osnes. Hafsås. Tor Bringaker.

Takkoffer: Misjonsprosjektet i

Hemsedal. Kveldsmat etter gudstenesta

HERAD KYRKJE KL 19.00

Konsert m/Kråkesølv

18. februar – 1. søndag i fastetida

GOL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Osnes. Ten Sing Norway

deltek. Takkoffer: Blå Kors.

25. februar – 2. søndag i fastetida

HERAD KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Nattverd. Skinnemoen

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Osnes

Takkoffer: IKO

4. mars – 3. søndag i fastetida

GOL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Nattverd. Osnes.

Takkoffer: Familievernkontoret i Hallingdal

HEMSEDAL KYRKJESTOGU KL.16.00

«Søndag for alle»

11. mars – 4. søndag i fastetida

HERAD KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Skinnemoen

Takkoffer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste for store og små.

6-åringane deltek. Osnes. Hafsås

Takkoffer: Konfirmantarbeidet

GOL BEDEHUS KL.19.00.

Årsfest for Gol og Herad sokn

18. mars – Maria bodskapsdag

GOL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste for store og små.

6-åringane deltek. Skinnemoen. Berge

Takkoffer: Kyrkjelydens barne- og

ungdomsarbeid

KYRKJESTUGO KL 18.00

Kyrkjelydens årsfest Hemsedal

25. mars – Palmesøndag

HERAD KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Nattverd. Skinnemoen.

Takkoffer.

29. mars – Skjærtorsdag

LYKKJA KAPELL KL.11.00

Gudsteneste. Nattverd. Osnes

Takkoffer: Lykkja Kapell

BYGDAHEIMEN KL.13.00

Påskeandakt. Nattverd. Osnes

GOL KYRKJE KL.18.00

Gudsteneste. Nattverd. Osnes.

Måltidsfellesskap

Takkoffer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden

30. mars – Langfredag

GOL KYRKJE KL.11.00

Pasjonsmesse. Skinnemoen

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00

Pasjonsmesse. Skinnemoen

OSET KAPELL KL.21.30

Påskeandakt. Skinnemoen

31. mars Påskeaften

LYKKJA KAPELL kl. 12.00

Familiegudsteneste

Prest: Øystein Spilling

Kollekt: Lykkja Kapell

1. april – Påskedag

GOL KYRKJE KL.10.00

Høgtidsgudsteneste. Skinnemoen.

Takkoffer: Misjonsalliansen

«KYRKJA» PÅ SØRÅSEN KL.13.00

Friluftsgudsteneste. Ca. 18 km etter

bommen på vegen frå Herad over mot

Bagn. Skinnemoen.

LYKKJA KAPELL KL.11.00

Høgtidsgudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Lykkja Kapell

HEMSEDAL KYRKJE OG KYRKJESTUGO

Søndag for alle med familievennleg

høgmesse. Kl.1600 (mat, kyrkjestugo)

Kl. 1700 (gudsteneste, kyrkja)

Osnes. Takkoffer: Kyrkjestugo

8. april – 2. søndag i påsketida

GOL KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste med vigsling av diakon

Martha Tomoe Frøyland. Nattverd.

Biskop Per Arne Dahl. Prost Vigdis

Moen Storhaug. Skinnemoen.

Sang av Kråkesølv.

Takkoffer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden

Kyrkjekaffe på bedehuset

**Takk til våre
samarbeidspartnere**

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Du finner oss i hele Hallingdal

Flå - Nesbyen - Gol

Hemsedal - Ål - Geilo

sparebank1.no/hallingdal • tlf. 815 03 202



SKARSNUTEN

HOTEL | BAR | RESTAURANT
HEMSEDAL



Med den gode stemningen!

MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen - Døgnvakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen- Tlf: 97 41 41 00

HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ

Steinar Aa - Tlf: 32 08 23 00 - www.hallingdalgravferd.no


Lurer du på hva vi holder med på lørdagskveldene på KULH?

Her er en liten smakebit fra i høst og vinter:



Riktig godt nyttår!
Ingrid Kristine Eikre, Tuva Mythe, Eivor Berg, Miriam Abrahamsen, Aurora Haug,
Emma Strange, Hanna S. Smørvik

Tommel opp!
- Halvor Rudningen, 15 år



Halvor Rudningen prøver seg på limbo
på nyttårsfeiringa



Sigurd Jordet og Sanidol Yewhanes i godt
samarbeid under kokkekamp

E syns det er gøtt miljø på KULH, og kjem på grunn tå fellesskapet.
- Andres Rudningen, 18 år



Full rulle på KULH, også etter kl 00:00
F.v.: Ingvil I. Marcegård, Selma Karlsen,
Aurora Haug og Iris Mikkola

Jeg er med på KULH fordi det er gøy!
- Nora Wiken Wilson, 17 år



Årets vaktmannskap på "Escape"

Det er artig, også gjer me masse forskjellig.
Det er ein fin plass å henge med vener.
- Eivor Berg, 15 år



Nyttårsfeiring med KULH
(Sindre Ulsaker)